

PEDAGOGISK RAPPORT

I samband med PPT si utredning av barnet er det nødvendig med fleire opplysningar enn dei som kjem fram av tilvisingsskjemaet. PPT ber difor om ein pedagogisk rapport med supplerande opplysningar vedrørande det tilviste barnet. Legg denne ved saman med tilvisingsskjemaet og evt. kartleggingsmateriell.

Ei pedagogisk kartlegging som munnar ut i ein rapport, handlar om å systematisera observasjonane som er gjort av barnet. Den pedagogiske kartlegginga skal gje ei konkret beskriving av barnet sitt funksjonsnivå, språkleg, fysisk/motorisk, konsentrasjon/merksemd, sosialt og emosjonelt. Ei kartlegging skal beskriva fakta og vera fri for tolkingar. Målet er å finna ut kvar barnet står, og det er viktig å trekkja fram barnet sine interesseområde og sterke sider. Det er desse ein skal byggja vidare på når ein skal setja i verk tiltak.

Vedlegg i samband med tilvising til PPT		
Barnet sitt namn:	Fødd:	Barnehage:
Rapporten er skriven av:		
Gje ei beskriving av barnegruppa og barnehagemiljøet (gruppestorleik, vaksentettleik, kompetanse, fysisk miljø, støy, og liknande.)		
1. Språkleg fungering		
2. Fysisk/motorisk fungering		
3. Konsentrasjon/merksemd		

4. Leik/sosialt samspel og emosjonell fungering

5. Korleis er vanskane til barnet kartlagt? (Legg ved rapportar/utgreiingar)

6. Sterke sider, interesser og strategiar hos barnet?

7. Kva for tiltak har vore sett i verk i høve til barnet sine vanskar, og i kva grad har desse hatt effekt?

MOMENTLISTE FOR PEDAGOGISK RAPPORT FRÅ BARNEHAGEN:

Dette er ei momentliste/sjekkliste som hjelp ved utfylling av den pedagogiske rapporten. Det er forventa at det vert sagt noko om alle **hovudpunkta**. Underpunkta i momentlista er meint som ei rettleiing til kva som kan vera aktuelt å ta med.

Beskriv vanskane til barnet, og barnet si fungering:

1. Språkleg fungering.

- Korleis brukar barnet språket?
- Gjev barnet uttrykk for eigne behov i høve til vaksne og barn?
- Meistrar barnet dialogforma (lytta, turtaking, kroppsspråk og liknande)?
- Har barnet ein variert uttrykksmåte, eller heng det fast i bestemte ordmønster?
- I kva grad uttrykkjer barnet seg med heile setningar?
- Er barnet flink til, eller glad i å fortelja?
- Har barnet eit språk som samsvarar med alderen?
- Har barnet eit godt ordforråd?
- Har barnet nokon form for uttalefeil?
- Snakkar barnet flytande, eller usamanhengande?
- Har barnet kontroll over stemmevolum og stemmehøgde/frekvensområde?
- Har barnet utvikla språkleg medvit (t.d. rim og regler, rytme, leikeskriving)?
- Kan barnet ta i mot og utføra beskjedar som er gitt til heile gruppa, eller direkte til barnet?

2. Fysisk/motorisk fungering:

- Medisinske opplysningar:
- Høyrsel/syn
- Ofte øyeverk
- Sensitivitet i høve til lys, lyd, berøring?
- Allergi, medisinbruk, diagnosar, evt. andre tilhøve som kan verka inn på aktivitetsnivået?
- Korleis fungerer barnet i høve til alder når det gjeld finmotoriske aktivitetar?
- Likar/mislikar barnet finmotoriske aktivitetar?
- Korleis fungerer barnet i høve til grovmotoriske aktivitetar?
- Likar/mislikar barnet grovmotoriske aktivitetar?
- Er det noko påfallande i barnet sin måte å røra seg på?
- Korleis er balansen?
- Er barnet motorisk aktivt/passivt?
- Koordinering?
- Kroppsbevisstheit?

3. Konsentrasjon/merksemd:

- Korleis er barnet si evne til å konsentrera seg? (i leik, organiserte aktivitetar, stor/lita gruppe)?
- Er det faktorar som forsterkar eller svekkar barnet si evne til å konsentrera seg?
- Korleis er barnet si evne til sjølvstende og initiativ?
- Korleis er barnet sitt aktivitetsnivå og evne til å vera uthaldande?
- Korleis er barnet si evne til å innretta seg etter reglar og beskjedar?

4. Leik/sosialt samspel og emosjonell fungering:

- Kva for leikar og aktivitetar tek barnet del i?
- Føretrekkjer barnet å leika åleine, eller med berre nokre få deltakarar?
- Kva for roller føretrekkjer barnet i leiken?
- Er barnet tilskodar eller deltakar i leik?
- Verkar barnet modent eller umodent i samspel med andre barn?
- Aksepterer barnet reglane i leik?
- Tek barnet omsyn til andre barn i leik?
- Har barnet grunnleggjande tillit eller mistillit til vaksne?
- Korleis oppfører barnet seg når det er saman med vaksne? Verkar det veltilpass, vennleg, klengete, krevjande, engsteleg, trassig, uberekneleg).
- Korleis reagerer barnet på grenser?
- Augekontakt med barnet?
- Korleis er barnet sine kjenslemessige reaksjonar? Korleis og i kva situasjonar viser barnet til dømes glede, sinne, tristheit, gråt, usikkerheit, frykt eller entusiasme?
- Korleis er barnet sin generelle kontroll over kjenslene? (for mykje, for lite eller middels kontroll).

5. Korleis er vanskaner og barnet sine ressursar kartlagt? (Legg ved rapportar/utgreiingar).

6. Sterke sider, interesser og strategiar hos barnet (evt. læringsstrategiar, meistringstrategiar, kompenserande eller unnvikande strategiar)?

7. Tiltak: Kva for tiltak har vore sett i verk i høve til barnet sine vanskar? Gje ei beskriving av omfang og effekt av tiltaka.